



Ann Mari Kristoffersen heime på Korsnes etter Trondheim-suksessen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Eigentleg er det heilt utruleg, seier Ann Mari Kristoffersen på Korsnes i Uskedalen (som blir 17 år 7. februar) etter at ho har vore med på vinnarlaget i ei høgst spesiell tevling på landsbasis.**

**Ho var torsdag og fredag deltakar på laget som vann den første nasjonale gründarcamp for videregående skular. Han vart halden på Byåsen skule i Trondheim.**



Vinnarlaget i Trondheim etterat sigeren var sikra. (Foto: Brynjulf Lie)

90 elevar frå 23 vidaregåande skuler i 15 fylker var med. og bak arrangementet stod Ungt Entreprenørskap i samarbeid med ENOVA. Det siste er eit statsforetak med Olje- og energidepartementet som eigar og det har som målsetjing å vera ein pådrivar for miljøvennleg energiplanlegging.

Ein gründarcamp er på si side definert som ein treningsleir i kreativitet og nytenkjing.

- Det har heilt tilfeldig at eg vart med, fortel Ann Mari til uskedalen.no. No går ho første året i vidaregåande på Husnes, i klassa "service og samferdsel", og for uskedalingane er ho også kjend som ein av dei blide medarbeidarane på SPAR der ho byrja i april i fjor. Men det stoppar ikkje der – på Husnes har ho praksis i ein klesbutikk!

Ordet går til Ann Mari att:

- Eigentleg var det reiselivsklassa på andre året som kvalifiserte seg i Bergen for deltaking i Trondheim. Men to av dei sju i denne klassa kunne ikkje delta og dermed rykka to frå vår klasse inn. Den andre var Alexander Løyning frå Herøysund. Men i Trondheim vart alle rista saman og fordelte på grupper med fem i kvar. Eg kom saman med elevar frå Trøndelag og Austlandet, tre gutar og to jenter mellom 16 og 18 år.

Ikkje berre slapp vi igjennom til finalen saman med fem andre grupper, vi klarte altså til og med å sigra!

Men tevlinga var ei hard økt, for vi heldt det gåande frå klokka åtte om kvelden til sju om morgonen. For min del sov eg halvannen time – i gymsalen.

- Og kva var oppskrifta på sigeren?

- Det var ideen om lansering av eit spesielt merke eller motto som vi vann på.. Stutt sagt kan det kallast BB som står for Bærekraftig Bygg. Det var Svanemerket som inspirerte oss.

Vi kom med forslag om ei lang rekkje miljøvennlege kriteriar som må til for å tilfredsstilla BB-krava til ein bustad.

Solfangarar på taket, vannbåren varme og automatisk varmeregulering var tre av dei.

Desse og andre tiltak gav så ymse fordelar, til dømes skattelette.

Også presentasjonen vår av oppgåveløysinga gjorde eit positivt inntrykk. I motsetnad til andre presenterte vi eit rollespel. Men vi hadde berre fire minuttar på oss.

- Var nokon i gruppa spesielt flinke slik at det gjorde utslaget?

- Nei, vi var flinke alla saman.

- Kan sigaran nyttast til noko nyttig i framtida?

- Vi fekk jo ein diplom i tillegg til ein trillekuffert og ei jakke og diplomten kan sjølvstegt presenterast saman med CV-en når ein søker på ein framtidig jobb.
- Og din framtidstjobb blir kanskje noko med miljø-appell?
- Det veit eg ikkje enno, men det gjev vel ein pekepinn at eg skal satsa på sal, service og sikkerheit neste år på skulen og at eg har praksis i ein klesbutikk....

Av Ola Matti Mathisen